



Sveio kommune

Barnehagebruksplan 2016 – 2026

Sveio kommune



Foto: Ida Kristin Vollum

Del 2: Vurdering av strukturelle alternativ



Innhold

1.	Innleiing	4
	Mandat.....	4
	Organisering av planarbeidet	4
	Oppbygging av dokumentet	5
2.	Lokale og nasjonale føringer.....	6
	Lov om barnehager.....	6
	NOU 2012:1 Til barnas beste – ny lovgivning for barnehagene.....	6
	Kommuneplan for Sveio 2011-2023.....	6
	Andre sentrale føringer:	6
3.	Dagens barnehagestruktur	7
	Presentasjon av Sveiobarnehagane	7
4.	Bemanning, utdanning, kompetanse og rekruttering	11
	Bemanningsnorm.....	11
	Nasjonale føringer for bemanning og vaksentettleik.....	11
	Status bemanning i Sveio kommune.....	11
	Modellar for drift av barnehagar	12
	Utdanning, kompetanse og rekruttering	13
	Kompetanseplan og system for kompetanseutvikling.....	13
	Rekruttering	13
	Målsettingar	13
5.	Barnehagebygg og uteområde	14
	Pedagogiske premiss for barnehagebygg	14
	Universell utforming	14
	Miljøretta helsevern.....	14
	Status kommunale barnehagebygg – inne- og uteområdet	15
	Målsettingar	16
6.	Kapasitet og vurdering av behov for barnehageplassar i Sveio kommune	17
	Framtidig etterspurnad etter barnehageplassar.....	18
7.	Struktursak og økonomiske konsekvensar.....	20
	Nullalternativet	20
	Korleis møter vi venta etterspurnad etter barnehageplassar i 2026?	21
	Kapasitetsauke i kommunal eller privat regi?	21
	Signal om nye private barnehageplassar	22
	Ulike løysingar på barnehagestruktur i 2026	23
	Omtale av strukturalternativa	25



Alternativ X:	25
Alternativ 1:	26
Alternativ 2:	26
Alternativ 3:	28
Alternativ 4:	30
Alternativ 5:	30
Alternativ 6:	30
Alternativ 7:	31
Alternativ 8:	31
Alternativ 9:	32
Oppsummering av strukturalternativa.....	33



1. Innleiing

Etter innføringa av lovfesta rett på barnehageplass i 2009 har stadig fleire barn begynt i barnehage. Barnehagen er den første læringsarena i eit langt utdanningsløp og skal bidra til trivsel og glede i leik og læring. I Norge går no 9 av 10 barn mellom 1 - 5 år i barnehage (Utdanningsspeilet, 2015).

I Sveio kommune har utviklinga vore lik elles i landet, og etterspurnaden etter barnehageplassar har stadig auka. Med dagens barnehagekapasitet ventar vi å ha nok barnehageplassar fram til 2021. Barnehagebruksplanen vil gje føringar for framtidig dimensjonering av tilbod av barnehageplassar i Sveio kommune slik at vi kan oppfylle krav om full barnehagedekning etter *Lov om barnehager*.

Lov om barnehager og *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver* gir føringar for det daglege arbeidet i barnehagen. Begge er per dags dato under revidering. I tillegg skal det lagast ei stortingsmelding om kvalitet i barnehagen, som skal gje grunnlag for revideringa. Rammeplanen vert etter planen innført i 2017, og ny barnehagelov er planlagt gjeldande frå 2020.

Berekningane i barnehagebruksplanen tar utgangspunkt i gjeldande regelverk, men gir også ei oversikt over følgjande av dei føreslått endringane i forslag til ny barnehagelov.

Mandat

Kommunestyret vedtok 02.mars 2015 i sak 022/15 følgjande:

1. Rådmann bes utarbeide barnehagebruksplan del 2 med vurdering av ulike strukturelle alternativ. Kvalitet og økonomisk effektiv drift skal vere viktige element i planen.
2. Barnehagebruksplanen blir sendt ut på høyring i mai/juni
3. Barnehagebruksplanen vert endeleg handsama i første møteserie hausten 2015.

Barnehagebruksplan 2016 – 2026 – Del 2: Vurdering av strukturelle alternativ, er ei oppfølging av *Barnehagebruksplan 2015 – 2025 – Del 1: Status og utfordringar 2015*.

Del 1 var ein statusrapport for 2015 som gjorde greie for folketalsutvikling, bustadutvikling, behov for barnehageplassar og status på barnehagebygga. Del 2 byggar på del 1, men tar også omsyn til nyare opplysningar om mellom anna folketalsutvikling, og skisserer fleire alternativ for korleis Sveio kommune kan møte venta etterspurnad etter barnehageplassar i planperioden.

Organisering av planarbeidet

Rådmann Bjarne A. Martinsen har vore prosjektansvarleg. Prosjektgruppa har elles hatt slik samansetjing:

- Adelhei Smeland, rådgjevar skule- og barnehagekontoret – Prosjektleiar
- Gunnhild Staupe, barnehagefagleg rådgjevar
- Bente Apeland, styrar Sveio barnehage
- Lise Ingebrigtsen, styrar Førde barnehage
- Solveig Skattkjær, rektor/styrar Valestrand oppvekstsenter
- Marianne Folgerø, styrar Gjermundshaugen FUS barnehage
- Elin Bua, tillitsvalt Utdanningsforbundet
- Olaug Lodden, hovudtillitsvalt Fagforbundet



Oppbygging av dokumentet

Planen tar først føre seg dei viktigaste overordna nasjonale og lokale føringane som legger rammeverket for barnehagedrifta i Sveio kommune. I kapittel 3 blir Sveiobarnehagane og dagens barnehagestruktur presentert. I kapittel 4 gis det ei innføring i krav og normer for bemanning. Her presentarast både gjeldande regelverk og føreslårte endringar i ny barnehagelov som er planlagt innført frå 2020. Kapittel 4 tar vidare føre seg status for utdanning, kompetanse og rekruttering. Kapittel 5 gir ei oversikt over behov for oppgradering av bygg og inne - og uteområde i dei kommunale barnehagane. I kapittel 6 gis ei vurdering av framtidig behov for barnehageplassar i Sveio kommune. Kapittel 4, 5 og 6 gir føringer for berekningane i kapittel 7, som viser fleire strukturelle alternativ for korleis Sveio kommune kan møte venta etterspurnad etter barnehageplassar i planperioden. Til slutt gis ei oppsummering av strukturalternativa, som gir eit slutningsgrunnlag for politikarane s val for vidare utvikling av barnehagestruktur i Sveio kommune.



2. Lokale og nasjonale føringar

Lov om barnehager

Lov om barnehager (barnehageloven) med forskrifter, regulerer kommunen sitt ansvar og plikter både som barnehageeigar og barnehagemynde (godkjennings- og tilsynsmynde). Kommunen er plikt til å gje tilbod om plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er busett i kommunen (§ 8). For å ha rett på barnehageplass må barnet være født før 1. september året før og det må vere søkt innan søknadsfristen. Kommunen har ansvar for å dimensjonere tilbod av barnehageplassar og å tilpasse utbyggingsmønster og driftsformer til lokale forhold og etterspurnad (§ 8).

Kommunen har finansieringsplikt for barnehageplassar i ikkje-kommunale barnehagar i Sveio kommune som er godkjent før 01.01.2011 (§§11 og 14). Tilskot til private barnehagar regulerast i «*Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager*». Jamfør §15 i denne forskriften har kommunen også finansieringsplikt for barnehageplass for barn som er folkeregistrert i Sveio kommune, men som går i barnehage i ei anna kommune. Dette gjeld også refusjon av spesialpedagogisk hjelp og fosterheimplasserte barn i andre kommunar.

NOU 2012:1 Til barnas beste – ny lovgivning for barnehagene

Til barnas beste vurderar gjeldande barnehagelov og forskrifter, med det formål å foreslå naudsynte endringar til ny Barnehagelov og ny Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (2017). Ein av hovudutfordringane i barnehagane er skilnad i talet på tilsette og for mange tilsette utan formell kompetanse, som gir seg utslag i kvalitet og innhald i det tilbodet barna får. Regjeringa har derfor starta arbeidet med ei stortingsmelding om kvalitet i barnehagen (2016). Regjeringa vil mellom anna løfte kvaliteten i barnehagane, styrke etter- og vidareutdanning for tilsette, utdanne fleire pedagogar og vurdere å innføre bemanningsnorm innan 2020.

Kommuneplan for Sveio 2011-2023

Jamfør satsingsområde «tenester med kvalitet» i *Kommuneplan for Sveio 2011-2023*, er det viktig for kommunen at brukaren kan setjas i sentrum og at kommunen skal gje eit differensiert og tilpassa tenestetilbod i tråd med sentrale overordna føringar. Det er og eit sentralt bodskap i gjeldande kommuneplan at det blir lagt opp til spreidd busetnad. Så langt det er mogleg og innanfor økonomiske ansvarlege rammer, ønskjer Sveio kommune å legga til rette for at familiar i størst mogleg grad skal få tilbod om barnehageplass i nærmiljøet.

Mest sannsynleg vil kommuneplanen bli revidert med oppstart i 2016/17.

Andre sentrale føringar:

- Plan og bygningsloven (universell utforming)
- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler
- Arbeidsmiljøloven



3. Dagens barnehagestruktur

Sveio kommune har i dag tre kommunale- og fem private barnehagar. Ein av dei kommunale barnehagane er del av eit oppvekstsenter. Det er ingen private familiebarnehagar eller opne barnehagar. Ved utgangen av 2015 gjekk det 408 barn i barnehagane i Sveio kommune. 111 av barna (27 %) gjekk i ein av dei tre kommunale barnehagane og 297 av barna (73 %) gjekk i ein av dei fem private barnehagane.

Tal barn i Sveiobarnehagane per årsmelding 2015		Små barn	Store barn	Sum
Sveio krins	Sveio barnehage	9	35	44
	Gjermundshaugen FUS barnehage	23	42	65
	Bråtveit natur- og kulturbarnehage	10	22	32
	Bua barnehage	5	27	32
Ekrene krins	Espira Solkroken barnehage	34	68	102
	Læringsverkstedet Ekrene natur- og gårdsbarnehage	20	46	66
Førde krins	Førde barnehage	14	34	48
Valestrand krins	Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage	5	14	19
SUM Sveiobarnehagane		120	288	408

Presentasjon av Sveiobarnehagane

Sveio barnehage:



Sveio barnhage er ein kommunal barnehage med plass til 45 barn fordelt på 2 avdelingar for barn i alderen 3-6 år og ein avdeling for dei aller minste, 0-2 år. Barnehagen har høg kvalitet på sitt pedagogiske tilbod, yter god service og legg stor vekt på godt samarbeid med alle sine samarbeidspartnarar. Barnehagen har eit unikt uteområde med stor naturtomt.

Visjon: Morgondagens oppfinnarar går i barnehagen.

Satsingsområder: Fysikk og Teknikk og «Være sammen»

Verdiar: Barnehagen bygger sin etikk på verdiane rammeplanen legg vekt på og framhevar respekt, toleranse, holdningar, engasjement og sosiale verdiar som nærliek, innleiving og nestekjærleik.



Førde barnehage:



Førde barnehage er ein kommunal barnehage med til saman 45 barn i alderen 0-6 år. Avdelingane er aldersinndelte: Krabbahålo 1 – 2 år, Sjøstjerno 2 – 4 år og Kråkebollo 4 – 6 år. 20% av barna i Førde barnehage er framandspråklege.

Satsingsområder: Språkstimulering i kvardagen, Den gode uteleiken og «*Være sammen*»

Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage:



Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage er ein kommunal barnehage med plass til rundt 22 barn organisert i 1 avdeling. Avdelinga blir delt i smågrupper ved ulike aktivitetar, og har tilgang til både gymsal og gode nærområde som nyttast flittig.

Satsingsområder: «*Være sammen*» med fokus på den autoritative vaksne, anerkjennande kommunikasjon og språkutvikling.

Motto: Barnehage-skule, hand i hand. Utvikle heile mennesket ut frå det einskilde barnet sine føresetnadar.

Bua barnehage:



Bua barnehage er ein privat barnehage, eigd av Bua ungdomslag. Dei har 3 barnegrupper med i gjennomsnitt 13 barn i kvar gruppe. Dei har tru på at mindre barnegrupper er svært bra for at kvar enkelt skal bli sett og høyr best mogleg. Barna er mykje ute og barnehagen har eigen båt i Storavatnet. Der er det eit allsidig og flott ute- og nærmiljø med natur og skog på alle kantar.

Mål: «Alle barn skal oppleva å bli sett, lytta til og tatt på alvor av dei vaksne i barnehagen vår!»

Motto: «Du er du og du duger»

Satsingsområde: «*Være sammen*»



Læringsverkstedet Ekrene natur- og gårdsbarnehage:



Læringsverkstedet Ekrene natur og gårdsbarnehage er ein privat barnehage med til saman 68 barn på 4 avdelingar. Barnehagen har fokus på natur og friluftsliv og er ute stort sett heile dagen. Barna har moglegheit til å komme tett på dyr som sauvar, hestar, kyr, kaniner, høner og hanar. Barna har også moglegheit til å vera med på båtturer der dei fiskar og drar opp krabbe- og hummerteiner.


Læringsverkstedet

Satsingsområde: Natur og friluftsliv. «Være sammen»

Fagområder: Fagområda er delt inn i 5 fagdagar der det er fokus på eit område kvar dag: Kreativitet, matte, natur, hjarte og språk.

Motto: «Vi får verdens viktigste verdier til å vokse!».

Bråtveit natur- og kultur barnehage:



Bråtveit natur og kulturbarnehage har 33-36 barn, delt inn i ei gruppe for barn i alderen 1-2 år, ei for 2-4 åringer og ei utegruppe for 4-6 åringer. Barnehagen har ei unik naturtomt som innbyr til fysisk

aktivitet, fantasi og kreativ leik. Dei har oppvarma lavvo ein fin tur unna og 2 eigne båtar til fiske- og båtturar på Vigdarvatnet. Begge delar nytta året rundt i det pedagogiske arbeidet. Bråtveit natur- og kulturbarnehage har eit spesielt fokus på opplevelingar, leik og læring i naturen og har to gonger mottatt forskerfrøprisen, ein nasjonal pris for godt naturfagleg arbeid. Med bakgrunn i dette deltar dei i et tverrnordisk utviklingsprosjekt med barnehage- og naturfagleg fokus. I Bråtveit barnehage er det godt å være!

Satsingsområde: «Være sammen»

Visjon: «Magiske øyeblikk i solskinn og regn»

Espira Solkroken barnehage:



Espira Solkroken stod ferdig i slutten av november 2012. Barnehagen ligg på Ekrene, helt sør i Sveio kommune. Espira Solkroken barnehage er ein topp moderne barnehage kor leike- og oppholdsareal er fordelt på to plan. All innredning har barna sitt perspektiv som utgangspunkt. Inventaret har eit leikent uttrykk som inviterar barna inn, og det er

tydeleg kva for aktiviteter som er tenkt i dei ulike romma. Barnehagen er ikkje delt inn i avdelingar, men barna tilhøyre kvar si barnegruppe med sine faste vaksne, og har sitt naturlege tilhaldssted. Dette gir fleksibilitet ved endringar i barnegruppene.

Visjon: «Sol ute, Sol inne»

Verdier: Kompetent – Fleksibel – Ordentlig - Personlig

Satsingsområde: «Være sammen»



Gjermundshaugen FUS barnehage:



Gjermundshaugen

Gjermundshaugen FUS barnehage er ein privat basebarnehage med plass til opptil 77 store barn. Barnehagen er organisert med ei gruppe for 1-åringar, ei gruppe for 2-åringar og ei gruppe for 3,4 og 5-åringar. Barnehagen held til ved Fjellstad i nye og moderne lokalar, og har eit flott uteområde med kort veg til turar i nærmiljøet, bla. Åseåsen. Barnehagen serverer alle måltider, det inkluderer også varm lunsj/middag kvar dag.

Satsningsområde: Barns medverknad, eigenledelse i leik og læring og «*Være sammen*».

Visjon: «Sammen gir vi barndommen verdi, lek og glede, hverdagsmagi og vennegaranti».



4. Bemanning, utdanning, kompetanse og rekruttering

Bemanningsnorm

Nasjonale føringerar for bemanning og vaksentettleik

Barnehageeigar har eit ansvar for at barnehagane har ei drift som er i tråd med gjeldande lover og reglar. Kommunen har som lokalt barnehagemynde ansvar for å rettleia og sjå til at barnehagane i kommunen vert drivne i tråd med dette.

Regjeringa har gitt eit løfte om å auka kvaliteten på tilbodet i barnehagane. Det pågående arbeidet med revidering av barnehagelova og rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver, skal medverka til eit tilbod med auka fokus på kvalitet.

Bemanninga i barnehagen, barnegruppenes storleik og personalets kompetanse er dei viktigaste strukturelle faktorane for barnehagens kvalitet (*Framtidas barnehage*). Meldinga til Stortinget trekk vidare fram at dei fleste internasjonale studiar finn ei negativ samanheng mellom talet på barn per vaksen og barns utvikling. Av dagens barnehagelov framkjem det at ein skal ha ein pedagog pr. 9 små barn (1:9) eller 18 store barn (1:18) i barnehage. Bemanninga elles er ikkje regulert anna enn at ein skal驱ra forsvarleg.

Framtidas barnehage og NOU 2012:1 *Til barnas beste* viser at regjeringa ynskjer å innføre krav om grunnbemanning i barnehagen på ein vaksen pr. 3 små barn (1:3) eller ein vaksen pr. 6 store barn (1:6). Pedagognorma er tenkt endra til at forholdstalet mellom pedagogisk tilsette og barn skal være 1:6 for barn under tre år og 1:12 for barn over tre år. Ein lovfesta bemanningsnorm skal forplikte kommunane til å sørge for nok vaksne som gir barna tryggleik, omsorg, utvikling og læring i barnehagen. Desse krava er foreslått skal innførast frå 2020. Endringa i krav til grunntilsette og pedagogisk tilsette skal bidra til å sikre eit likeverdig barnehagetilbod med høg kvalitet. Revidert rammeplan er planlagt sendt på høyring i 2016, og skal vera gjeldande frå 2017.

I november 2015 beslutta Stortinget å be regjeringa om å leggja fram ein plan for innfasing av ein bemanningsnorm, der krav om 50 % barnehagelærarar skal vurderast innført.

Status bemanning i Sveio kommune

Alle barnehagane i Sveio kommune oppfyller kravet til pedagogisk bemanning. På landsbasis er talet på barn pr. årsverk til basispersonalet varierande frå kommune til kommune. Om lag 60% av kommunane har frå 5,5 til 6,5 barn pr. årsverk til basispersonalet. Ved berekning av barn per vaksne teller små barn som 2 barn. Dei kommunale barnehagane har ikkje ei felles norm for tal barn per vaksen, og det er derfor variasjonar frå barnehage til barnehage og frå år til år. Det er også variasjonar blant dei private barnehagane.



Modellar for drift av barnehagar

Her gis det ei oversikt over dagens driftsmodell for dei kommunale barnehagane i Sveio kommune og driftsmodell i forslag til ny barnehagelov. Det er også tatt med vaksentettleiken i dei private barnehagane ved årsmeldinga 2014 og 2015 for å gi eit samanlikningsgrunnlag. Vaksentettleiken viser tal store barn per vaksen, der små barn er konvertert til store barn. Små barn tel som to store barn.

Tabell 1:Samandrag av dagens norm for pedagogar og praksis for vaksentettleik og forslag til ny norm for pedagogar og vaksentettleik.

1. Dagens norm for pedagogar og praksis for vaksentettleik		
Pedagogar	1 per 9 små barn	
	1 per 18 store barn	
Vaksentettleik årsmelding 2014		
6,5	Sveio barnehage	
6,4	Førde barnehage	
6,0	Valestrand oppvekstsenter, avd. barnehage	
6,6	Bråteit natur- og kulturbarnehage	
6,8	Bua barnehage	
6,7	Læringsverkstedet Ekrene barnehage	
6,6	Espira Solkroken barnehage	
6,5	Gjermundshaugen FUS barnehage	
Vaksentettleik årsmelding 2015		
6,4	Sveio barnehage	
6,7	Førde barnehage	
5,9	Valestrand oppvekstsenter, avd. barnehage	
6,0	Bråteit natur- og kulturbarnehage	
6,2	Bua barnehage	
6,3	Læringsverkstedet Ekrene barnehage	
6,3	Espira Solkroken barnehage	
6,2	Gjermundshaugen FUS barnehage	

2. Forslag til ny norm for pedagogar og vaksentettleik		
Pedagogar	1 per 6 små barn	
	1 per 12 store barn	
Fagarbeidarar/assistentar	1 per 6 små barn	
	1 per 12 store barn	
Vaksentettleik	3 små barn per vaksen	
	6 store barn per vaksen	



Utdanning, kompetanse og rekruttering

Kompetanseplan og system for kompetanseutvikling

Ein god barnehage krev kompetente leiarar og fagleg reflekterte vaksne. Dei tilsette sin kompetanse er i følgje *Kompetanse for framtidens barnehage* den viktigaste enkeltfaktoren for at barn trivast og utviklar seg i barnehagen.

Kompetansemål for barnehagane kjem slik til uttrykk i nasjonale føringer i «*Strategi for kompetanse og rekruttering 2014 - 2020*» :

«Et godt barnehagetilbod for alle barn avhenger av personalets kompetanse. Bare kompetente tilsette kan sikre at barnehagen oppfyller sitt samfunnsmandat i tråd med barnehagens formål og rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver, jf. §§ 1, 2 og 3 i barnehageloven»

I løpet av strategiperioden skal alle tilsette få høve til å auke si kompetanse. Strategiens mål:

- Rekruttere og behalde fleire barnehagelærarar og tilsette med relevant kompetanse for arbeid i barnehagen.
- Heve kompetansen for alle tilsette som jobbar i barnehagen.
- Auke status for arbeid i barnehage.

Sveio kommunes målsettingar og tiltak for å utvikle kvaliteten i barnehagane og for å heve dei tilsette si kompetanse vert konkretisert i *kvalitetsplanen* og *plan for kompetanse og rekruttering*.

Plan for rettleiing av nyutdanna og nyttilsette barnehagelærarar er utarbeida i Sveio kommune i samsvar med avtale mellom KS og Kunnskapsdepartementet. Målsettinga med denne avtalen om rettleiing av nyutdanna barnehagelærarar er fylgjande:

- Å rekruttere fleire dyktige barnehagelærarar
- Å behalde barnehagelærarar i yrket
- Å sikre kvaliteten i barnehagane

Rekruttering

Dei seinare åra har det både nasjonalt og lokalt i Sveio kommune blitt meir og meir utfordrande å skaffe kvalifiserte barnehagelærarar til ledige stillingar/vikariat. Ved utlyste ledige stillingar i Sveiobarnehagane er erfaringa at det er vanskeleg å få eit godt utval av søkerar til stillingane. Dette gjelder spesielt for barnehagelærarar.

Kunnskapsdepartementet etablerte hausten 2012 *GLØD prosjektet*, som har som målsetting å få fleire unge til å søkje seg til barnehagelærarutdanninga, heve statusen for arbeid i barnehage, auka kvaliteten på utdanninga, få tilbake dei som er kvalifiserte og har gått over i anna type arbeid, samt behalda nyutdanna i yrket.

Rekrutteringsstrategi vil vere del av neste *plan for kompetanse og rekruttering*.

Målsettingar

- ✓ Sveiobarnehagane skal til ein kvar tid oppfylle lovpålagte krav om pedagogisk bemanning.
- ✓ Sveiobarnehagane skal ha kvalifisert utdanna personale i dei stillingane som krev det.
- ✓ Sveio kommune skal legge til rette for at alle tilsette i barnehagane får kompetanseauke etter behov.



5. Barnehagebygg og uteområde

Utforming og organisering av barnehagen sitt leike- og oppholdsareal har mykje å seia for barna si moglegheit for utfalding, skaparglede og utforskartrong. Barnehagelova slår fast at barn sitt behov for læring, opplevingar og meiningsfylte aktivitetar skal vera retningsgjevande for utforming av barnehagen i høve innhald, drift og form. Barnehagen sitt fysiske miljø dannar ramma rundt barnehagedrifta, og påverkar det pedagogiske arbeidet i barnehagen.

Pedagogiske premiss for barnehagebygg

Barnehagens fysiske miljø har stor betydning når ein skal planlegge og utvikle ein barnehage. Fråvær av godt inne- og utedmiljø vil hemme barn og vaksne i å medverke til god helse og trivnad. Del 1 av barnehagebruksplanen gjekk grundig gjennom pedagogiske prinsipp for barnehagebygg, og utdypast derfor ikkje vidare i del 2.

Universell utforming

Universell utforming står sentralt i arbeidet med nedbygging av funksjonshemmande barrierar. I regjeringa si handlingsplan er det forklart slik: «*Universell utforming betyr at produkt, byggverk og uteområde som er i alminnelig bruk, skal utformes på en slik måte at alle mennesker skal kunne bruke de på en likestilt måte så langt det er mulig uten spesiell tilpassing eller hjelpermidler*».

Sveio kommune ønskjer å leggja til rette for eit barnehagetilbod som er tilrettelagt for å kunne ta imot barn med nedsett funksjonsevne. I dag er ingen av dei kommunale barnehagane arealmessig tilrettelagt for dette. Ved planlegging av nye barnehagar og ved rehabilitering/utviding av eksisterande barnehagar, må ein ha som utgangspunkt at barn i målgruppa for tilboden vil ha trong for ekstra areal til opphold, leik, aktivitet og til avskjerming. Såleis krev det at barnehagane er arealmessig større enn det som er norm for å kunne gje eit integrert tilbod til alle barn. Det vil vere mest praktisk at ein slik tilrettelagt barnehage ligg sentralt i Sveio kommune, det vil seie i Sveio sentrum.

Kostnad ved å leggja til retta for at ein kommunal barnehage er tilpassa behova til barn med nedsett funksjonsevne krev eigen saksutgreiing og er ikkje tatt med i strukturberekningane.

Miljøretta helsevern

Forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler har som overordna mål å bidra til eit betre oppvekst- og læringsmiljø for barn i barnehagar. Det skal gjørast gjennom å bidra til at miljøet i barnehagane fremmar helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold som førebygger sjukdom og skade. Formålsparagrafen understreker kva det har å seie at barna skal ha eit helsefremmende miljø og ikkje bare beskyttast mot risikoforhold.

Eksisterande godkjenningar etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler* er i første halvdel av 2000-talet. Det bør vurderast å gjennomførast ei ny runde med godkjenning i høve forskrifta. Ansvar for miljøretta helsevern ligg hos eining for helse og omsorg.



Status kommunale barnehagebygg – inne- og uteområdet

Behovet for verdibevarende vedlikehald av bygningsmassen er konstant og vedvarande. Fleirtalet av dei kommunale barnehagebygga i Sveio er gamle og treng vedlikehald, rehabilitering og/eller utbygging.

Her fylgjer ei kort oppsummering av kvar barnehage:

Sveio barnehage

1.Bygningsteknisk tilstand

Barnehagen har følgjande etterhald:

- Varmeanlegg dårlig/defekt. Treng nytt + SD anlegg
- Brannalarmanlegg er avleggs. Bør nytt
- Golvbelegg er utslikt
- Nytt gjerde og opprusting av leiker på uteområde.

Samla kostnad for ovannemnde er ca. 1 – 1,5 mill kr.

2.Innvendige areal

Sveio barnehage har i dag to storbarnsavdelingar og ein småbarnsavdeling. Ingen av avdelingane er store nok til ein driftsmodell med 24 store barn og 14/12 små barn per avdeling. I tillegg manglar barnehagen areal til lager, og areal til personalfunksjoner.

3. Utvendige areal

Barnehagen har i dag eit netto uteareal på 2964m². Det kunne vore meir leikeapparat i området rundt barnehagen, men det fine naturområdet vest for barnehagen veier opp for dette.

Parkeringsplassen er liten.

4. Utviding

Ved ein utviding av barnehagen må ein ta høgde for ein omlegging av driftsform til 24/14(12) samtidig som ein må få med dei lager- og personalfunksjoner som manglar i dag. Parkeringsplass må og utvides. Det blir då størrelsen på uteområdet som er den avgrensande faktor for utbyggingsmulighet. Det er muleg å utvida med ei avdeling med dei føresetnadene som nemnt over. Ein rehabilitering/ombygging av eksisterande bygg + utviding med ein avdeling er anslått å koste ca. 12-13 MNOK. Det er ingen disponible tomter rundt Sveio barnehage som kan kjøpast for å utvide uteområde.

5. Nybygg

Ein nybyggloysning for Sveio barnehage med f.eks. 6 avdelingar kan plasserast i reguleringsplan for Sveiåsen 3 eller Håvåsen 3. Kostnadsmessig kan det skisserast til ca. 38 MNOK.

Førde barnehage

1.Bygningsteknisk tilstand

Barnehagen er i god stand. Ingen spesielle større tiltak er naudsynt.

2.Innvendige areal:

Førde barnehage har i dag to storbarnsavdelingar og ein småbarnsavdeling. Avdelingane er store nok til ein driftsmodell med 24 store barn og 14/12 små barn per avdeling.



3. Utvendige areal

Barnehagen har i dag eit netto uteareal på 1250m². Det er noko knapt. Det er ein del leikeapparat, men behov for utskifting av desse. Parkeringsplassen er ok.

4. Utviding

Ved ei utviding av barnehagen si kapasitet ved omlegging av driftsform til 24/14(12) må uteområdet utvidast og ein del eldre leikeapparat må skiftast ut. Kostnad med dette er anslått til ca. 500.000 kr.

5. Nybygg

Nybygg ikkje vurdert eller tilrådd.

Valestrand Oppvekstsenter, avdeling barnehage

1.Byningsteknisk tilstand

Barnehagen ligg i ein eldre bygning. Ein del tiltak er naudsynte

- Støy i oppholdsareal. Treng lydkjerming/grupperom
- Bør få HCWC
- Gamle golvbelegg bør skiftes
- Treng tørkeskap i garderobe
- Treng solavskjerming
- Noko utvendig vedlikehald må gjerast.

Sama kostnad på over nemnde punkt er 500-750.000 kr.

2.Innvendige areal

Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage har i dag 15 store barn og 5 små barn. Areala er store nok. Deler av skulen sitt areal er også tilgjengelege.

3. Utvendige areal

Sambruk med skulen, og er store nok. Fine moglegheiter for tur i natur. Parkeringsplass og trafikkforhold er problematiske.

4. Utviding

Ikkje vurdert.

5. Nybygg

Nybygg ikkje vurdert eller tilrådd.

Målsettingar

- ✓ Alle nye barnehagar og barnehagar som blir renovert skal være universelt utforma.
- ✓ Ved bygging av nye barnehagar og ved renovering av eksisterande barnehagar, bør bygga vere funksjonelle slik at det er fleksibilitet i høve endring i gruppstorleik og drift.
- ✓ Ved bygging av nye barnehagar og renovering av eksisterande barnehagar leggast det opp til at det er areal til å ha følgjande gruppstorrelse:
 - Små barn: 12/14 barn
 - Store barn: 24 barn
- ✓ Ein av dei kommunale barnehagane, fortrinnsvis lokalisert i Sveio sentrum, bør arealmessig leggast til rette for å kunne ta i mot barn med nedsett funksjonsevne.
- ✓ Det bør i løpet av 2016 gjennomførast ei ny runde med godkjenning i høve *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehager og skoler*. Ansvar for miljøretta helsevern ligg hos eining for helse og omsorg.



6. Kapasitet og vurdering av behov for barnehageplassar i Sveio kommune

Etter år 2000 har folketilveksten i Sveio kommune auka betrakteleg. I samsvar med kommunen si mål om fortetting, har det meste av veksten skjedd i nærleiken av Sveio sentrum og i Vikse skulekrins. Sveio kommune si plan for bustadbygging legg opp til fortsatt vekst i Sveio sentrum og i Vikse skulekrins. Ved inngangen av 2016 hadde kommunen 5 593 innbyggjarar. 428 av desse var barn mellom 1 og 5 år og som dermed hadde rett på barnehageplass (med unntak av 1 åringane fødd etter 1.9). Ved tidspunkt for årsmelding 2015 (= inngangen av 2016) var det 408 barn i Sveiobarnehagane. Dette gir ein dekningsgrad¹ på 95,3 prosent for 1-5 åringar. Dette er høgare enn både snittet for landet utan Oslo, Rogaland og Hordaland. Korrigerer vi for gjestebarn frå andre kommunar, blir dekningsgraden på rundt 90 prosent.



Bilete 1: Kartoversyn over barnehagane i Sveio kommune. Raud prikk viser plassering. Kjelde: Sveio kommune.

Foreldre kan fritt velje kva for barnehage dei ønskjer for sine barn. Valet kan avhenge av fleire faktorar: bustadadresse, arbeidsstad, nærleik til framtidig skule, barnehagen si attraktivitet, pris etc. Det kan derfor være eit misforhold mellom kor mange barn som bur i eit område og kor mange barn som søker om barnehageplass i same område. Når vi ser på områder for barnehagedekning nyttar vi skulekrinsar som referanse. Sveio kommune er delt inn i 5 skulekrinsar: Sveio -, Vikse-, Førde-, Valestrand- og Auklandshamn krins. Det er i dag ingen barnehage lokalisert i Auklandshamn krins, Bua barnehage er den nærmaste.

¹ Kor stor del av barna som går i barnehage i høve til folkemengda i tilsvarende aldersgruppe (tar ikkje høgde for ventelister)



Hovudopptak 2015/16

Alle søkerar med rett til barnehageplass etter barnehagelovens § 12 som søkte innan fristen 15.02.2015, fekk tilbod om barnehageplass. Ikke alle valte å ta imot tilboden dei fekk. Hovudopptaket for 2015/16 viser stort sett etterspurnad etter barnehageplassar i Sveio krins. Omkring 40 prosent av søkerane med rett på plass fekk ikkje barnehagetilbod i denne krinsen. Sveio barnehage har betrakteleg fleire søkerar enn dei andre barnehagane når det gjeld småbarnsplassar. Heile 2/3 del av søkerane til småbarnsplassane i Sveio barnehage fekk tilbod om plass i andre barnehagar/krinsar.

Alle søkerar til Vikse krins fekk tilbod om plass, og det var då ledig kapasitet i begge barnehagane. Det kan synast som barnehagane i Vikse krins dekkjer opp for etterspurnaden i Sveio krins. I tillegg har 27 barn frå andre kommunar (gjestebarn) barnehageplass i denne krinsen.

I både Førde og Valestrand fekk søkerane med rett til plass tilbod om barnehage der dei ønska. Ved planlegging av barnehageplassar er det viktig å ta høgde for lokale førehald og erfaring frå tidlegare barnehageopptak, slik at ein kan seie noko om faktisk etterspurnad etter barnehageplassar.

Hovudopptak 2016/17

Frist for å söka om barnehageplass for 2016/17 var 15.februar i Sveio kommune. Resultatet frå hovudopptaket er enno ikkje klart, men vi kan seie noko om status etter første opptaksrunde. Ved opptaket var det i underkant av 80 søkerar som hadde rett på plass, som søkte innan fristen og som ønska plass i frå august 2016. Søkartalet er noko lågare enn ved dei siste åra. Dette kan ha samanheng med mindre fødselskull enn tidlegare. Samtidig er barnekullet som går over i skulen hausten 2016 betrakteleg større enn tidlegare år. Det var i tillegg fleire søkerar utan rett på plass.

Tala i frå opptaket viser at det er stortsett etterspurnad etter barnehageplassar i Sveio krins, som har nærmere 58 prosent av søkerane.

Framtidig etterspurnad etter barnehageplassar


Det er vanskeleg å spå om framtida, og prognosar vil alltid vera hefta med usikkerheit. Kommunens utbyggingsplanar kan gi ein indikasjon på kor det i framtida vil vera behov for fleire barnehageplassar. Berekning av venta framtidig etterspurnad etter barnehageplassar byggjar på tal på barn i kvar krins per 01.01.2015 (SSB), venta vekst i samsvar med kommunale og private planar for bustadbygging og ein dekningsgrad på 90 prosent. Vi finner då ei prognose på kor mange barn som treng barnehageplass i planperioden.

Vi gjer ei føresetnad om at alle barn har full plass. Dei siste åra har det både i Sveio kommune og i landet elles vore færre og færre barn med deltidsplass. Samansettinga mellom små (1-2 år) og store barn (3-5 år) vil og variere, både mellom barnehagane og frå år til år. Denne variasjonen er det vanskelig å ta omsyn til i ei slik framskriving. Barnehagane har ei viss fleksibilitet i høve tilpassing av gruppene og alderssamsetninga til barna.



Følgjande vekstalternativ er nytta i framskrivinga:

- Sveio krins: Høg vekst
- Vikse krins: Høg vekst fram til 2023, deretter middels vekst.
- Førde krins: Middels vekst
- Valestrand krins: Låg vekst
- Auklandshamn krins: Låg vekst



Figur 1: Reell etterspurnad etter barnehageplassar i Sveio kommune i 2015 og 2016 og venta etterspurnad per krins og totalt i kommunen i perioden 2017 til 2026, samanstilt med dagens barnehageplasskapasitet. Kjelde: SSB og Sveio kommune.

Figur 1 viser reell etterspurnad etter barnehageplassar i Sveio kommune i 2015 og 2016. Vidare syner figuren venta etterspurnad i kvar krins og samla for heile kommunen i perioden 2017 til 2026. I 2014 var Sveiobarnehagene så og sei fulle, og kapasiteten dette året brukast her som dagens barnehageplasskapasitet. Etterspurnaden etter barnehageplassar per desember 2016 er lågere enn den var per desember 2015. Same utvikling ser vi og ved første opptaksrunde ved barnehageopptaket 2016. Vi ventar at nedgangen vil fortsette fram til 2018. Årsaka til dette er ei kombinasjon av mindre kull som startar i barnehage og store kull som startar på skulen. I følgje framskrivinga i dei ulike krinsane, er det venta vekst i etterspurnaden etter barnehageplassar resten av analyseperioden.

Etterspurnaden etter barnehageplassar i Sveio kommune er i følgje framskrivinga venta å ligge på rundt 475 plassar i 2026. Med dagens barnehagekapasitet vil etterspurnaden være høgare enn tilbodet når vi nærmar oss 2021. Ved slutten av planperioden vil Sveio kommune mangla 50 barnehageplassar. Ser vi lengre enn planperioden, så vil etterspurnaden auke ytterlegare. Det er venta at Sveio kommune vil trenge 498 barnehageplassar i 2030 og 550 plassar i 2040.



7. Struktursak og økonomiske konsekvensar

I dette kapittelet visast ulike alternativ for å møte venta framtidig etterspurnad etter barnehageplassar i Sveio kommune i 2026 og korleis vi kan tilpasse og effektivisere barnehagedrifta i planperioden.

Nullalternativet

Nullalternativet skildrar dagens situasjon og venta utvikling om det ikkje blir gjort nokon endringar. Nullalternativet blir nytta som samanlikningsgrunnlag for å identifisere verknader av dei ulike strukturalternativa.

Kostnadene for barnehagesektoren i Sveio kommune består av sjølvkost for barnehagedrifta (ekskludert barnehageadministrasjon), kapitalkostnad for barnehagebygga og utbetaling av tilskott til ordinære private barnehagar. Kapitalkostnad er satt saman av avskrivingskostnadar og rentekostnadar. Tilskott til private barnehagar består av eit driftstilskott og ei kapitaltilskott. Driftstilskottet bereknast med utgangspunkt i 2 års gamle rekneskap for dei kommunale barnehagane². Det blir rekna ut driftstilskot separat for store og små barn (under 3 år). Kapitaltilskottet gis ut i frå byggjear til dei private barnehagane, og er fastsett av departementet.

Tilskottssatsane i Sveio kommune i 2016:

Tilskottssatsar 2016	Sveio kommune	Nasjonale satsar	Differanse
Små barn	189 563 kr	196 200 kr	-6 637 kr
Store barn	91 271 kr	94 700 kr	-3 429 kr

Dei nasjonale satsane er berekna etter gjennomsnittleg sjølvkost for barnehagane i Noreg.

Tilskottssatsane i Sveio kommune er lågare enn dei nasjonale satsane, både for små og store barn. Ved å beregne tilskottssatsane for kvar barnehage isolert sett, får vi eit bilet av kostnadsnivået i kvar barnehage. Satsane blir då følgjande:

	Førde	Sveio	Valestrand
Små barn	176 999 kr	192 975 kr	197 046 kr
Store barn	84 356 kr	93 323 kr	95 018 kr

² Kostnader til barn med spesielle behov reknast ikkje med i tilskottsgrunnlaget.



Tabell 2: Netto driftskostnad for barnehagesektoren i Sveio kommune ved nullalternativet i 2016 og i 2026 ved to ulike scenario (A og B), Kjelde: Sveio kommune.

	NULLALTERNATIVET		
	Dagens struktur		
	2016 - 0-alt	2026 - 0-alt A	2026 - 0-alt B
Utbetalning av tilskott	39 219 446	48 658 746	53 204 378
Sjølvkost drift	11 698 637	11 698 637	12 939 162
Kapitalkostnader	689 818	689 818	689 818
NETTO kostnad barnehagesektoren	51 607 900	61 047 200	66 833 358

Ved berekning av netto driftskostnad for barnehagesektoren fram i tid nyttast 2016 kr.

Ved dagens struktur og dagens praksis for pedagogisk bemanning og vaksentettleik i dei kommunale barnehagane, er det venta ein netto kostnad for barnehagesektoren på 51,6 MNOK i 2016.

Om dagens struktur blir vidareført, og dermed dagens kommunale barnehagekapasitet, er det naudsynt med 51 nye private barnehageplassar for å møte venta etterspurnad i 2026. Ved scenario A vil nettokostnaden bli i overkant av 61 MNOK. Om ny norm i forslag til ny barnehagelov blir innført; scenario B, vil det auke nettokostnadene til 66,8 MNOK.

Korleis møter vi venta etterspurnad etter barnehageplassar i 2026?

Fram mot 2026 må barnehagesektoren i Sveio kommune posisjonera seg for å kunne tilby nok barnehageplassar. Samtidig er det viktig å gjere det mest mogleg økonomisk effektivt.

Kapasitetsauke i kommunal eller privat regi?

Sveio kommune må ta stilling til om auka kapasitet i barnehageplassar i 2026 skal gjerast i kommunal eller privat regi. Per i dag er om lag $\frac{1}{4}$ av barnehageplassane kommunale og $\frac{3}{4}$ private. På landsbasis er i snitt rundt halvparten av barnehageplassane i kommunal regi. Private barnehagar har hatt ei særsviktig rolle for å få etablert eit godt barnehagetilbod i Sveio, og samarbeidet med dei er i dag godt. Likevel er det fleire argument som i frå eit kommunalt synspunkt talar for at ei auke i talet på barnehageplassar i all hovudsak bør gjerast i kommunal regi.

Kommunen kan mellom anna ikkje sette vilkår for kven dei private barnehagane tek inn. Det er ein økonomisk kostnad for kommunen om dei private tar inn barn utan rett til plass (kommunen får mellom anna ikkje rammeoverføring frå staten for ettåringar født etter 1.9). Dei private kan og ta inn barn som bur i andre kommunar (gjestebarn). Så lenge kommunale tilskotssatsar er lågare enn nasjonale, utgjer dette ikkje ei kostnad for kommunen. Har dei private barnehagane ledig kapasitet etter hovudopptaket, så er det ei god løysning både for kommunen og for private barnehagar å ta inn barn i frå andre kommunar. Men ved neste hovudopptak kan kommunen komme i ei situasjon der gjestebarn og eventuelle søsken til gjestebarn, tar opp plassen for kommunens eigne barn. Om barn frå Sveio kommune då må nytta seg av barnehagetilbod i ein anna kommune, så vil det føre til høgare kostnader for kommunen.

Private barnehagar i ein økonomisk sårbar situasjon kan stå i fare for å måtte avvikle drifta.

Kommunen vil då få vanskar med å erstatta desse plassane innan kort tid og vil då ikkje kunne tilby barnehageplass til barn med rett på plass. Høg del private barnehageplassar vil auke moglegheita for at slik kan skje.



Signal om nye private barnehageplassar

Læringsverkstedet Ekrene natur- og gardsbarnehage har signalisert ønske om å byggje ein erstatningsbarnehage, og kan då auke kapasiteten om kommunen har bruk for det.

Trygge barnehager/FUS har søkt om å byggja ein ny barnehage med 5 avdelingar i Sveio sentrum. I tillegg er det søkt om utviding av Gjermundshaugen FUS barnehage med 3 avdelingar. Vedtatt barnehagebruksplan med føringar for vidare barnehagestruktur og fordeling mellom kommunale og private barnehageplassar, vil danne grunnlag for behandlinga av desse søknadene.

Det er og komen signaler frå Soknerådet om at dei ønskjer å tilby barnehageplassar. Filadelfia i Auklandshamn har også signalisert eit ønske om å byggje ny barnehage i Auklandshamn. Det er per februar 2016 ingen konkrete søknader om dette.

Kommunen styrer etablering av nye private barnehagar gjennom bevilling av tilskott, og vurderer det mellom anna ut i frå behov for kapasitet. Ved etablering av nye private barnehagar må Sveio kommunen gjennomføre ein prosess med tanke på kva for aktørar, ut i frå gitte kriterier, som får etablera seg i kommunen. Dette må behandlast i eigen saksutgreiing.

Målsetting

- ✓ I planperioden vil Sveio kommune at kommunale barnehageplassar skal utgjere minst like stor del av samla tal på barnehageplassar som i 2015.



Ulike løysingar på barnehagestruktur i 2026

Sveio kommune må tenke langsiktig for å tilpasse barnehagesektoren til venta auke i etterspurnad etter barnehageplassar. Vi har sett på fleire teoretisk alternative løysningars på barnehagestrukturen i 2026.

Alternativa er følgjande:

Nullalternativet: Dagens struktur blir vidareført

- Alternativ 1: Auke kapasiteten i Førde barnehage. Ingen endring i Sveio barnehage og Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage.
- Alternativ 2: Auke kapasiteten i Førde barnehage, Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage blir lagt ned. Ingen endring i Sveio barnehage.
- Alternativ 3: Auke kapasiteten i Førde barnehage, resten private barnehagar. (Sveio og Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage leggjast ned).
- Alternativ 4: Byggja ny kommunal 4 avd. barnehage som erstattar dei eksisterande kommunale barnehagane.
- Alternativ 5: Byggja ny kommunal 5 avd. barnehage som erstattar dei eksisterande kommunale barnehagane.
- Alternativ 6: Byggja ny kommunal 6 avd. barnehage som erstattar dei eksisterande kommunale barnehagane.
- Alternativ 7: Auke kapasiteten i Førde barnehage og byggja ny kommunal 6 avd. barnehage.(Sveio og Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage blir lagt ned).
- Alternativ 8: Utvide Førde og Sveio barnehage. Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage blir lagt ned.
- Alternativ 9: Utvide Førde og Sveio barnehage. Ingen endring Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage.
- Alternativ X: Berre private barnehagar (alle dei kommunale barnehagane blir lagt ned).

Alternativa er analysert i to scenario:


A: Dagens norm for pedagogar og praksis for vaksentettleik

B: Ny norm for pedagogar og vaksentettleik i forlag til ny barnehagelov

Tabell 3: Oversikt over fordelinga av kommunale- og private barnehageplassar i 2026 ved dei ulike strukturalternativa.

Kjelde: Sveio kommune.

	ÅRSM 2014	ÅRSM 2015	Alt X	Alt 1	Alt 2	Alt 3	Alt 4	Alt 5	Alt 6	Alt 7	Alt 8	Alt 9
	Dagens struktur	Kun private barnehagar	Utvide Førde	Utvide Førde, leggja ned V.Str	Utvide Førde, resten private bhg	Ny 4 avd	Ny 5 avd	Ny 6 avd	Utvide Førde, ny komm 6 avd	Utvide Førde og Sveio, leggja ned Valestrand	Utvide Førde og Sveio, Valestrand leggjast IKKJE ned	
Tot. komm.bhg	111	111	0	126	105	60	76	96	108	168	132	153
Tot. Private bhg	313	297	313	313	313	313	313	313	313	313	313	313
Sum	424	408	313	439	418	373	389	409	421	481	445	466
Venta etterspurnad i 2026			475	475	475	475	475	475	475	475	475	475
Ny privat kapasitet			162	36	57	102	86	66	54	-6	30	9
Andel kommunale plassar	26 %	27 %	0 %	27 %	22 %	13 %	16 %	20 %	23 %	35 %	28 %	32 %



Figur 2: Samanstilling av venta etterspurnad etter barnehageplassar i planperioden og tal på barnehageplassar ved dei ulike strukturalternativ. I 2026 vil manglande barnehagekapasitet bli dekka opp av nye private barnehageplassar. Kjelde: Sveio kommune.

Med dagens struktur på barnehagesektoren ventar vi at det er nok barnehageplassar i Sveio kommune fram til 2021. Alternativ 1, 7, 8 og 9 vil auke den kommunale barnehagekapasiteten samanlikna med dagens situasjon (nullalternativet). Dei andre alternativa som er skissert vil gi oss lågare kommunal barnehagekapasitet.



Omtale av strukturalternativa

Felles føresetnader for alle alternativa:

- Kostnader til barnehageadministrasjon er ikke med
- Kostnader til spesialpedagogisk hjelp er ikke med
- Manglende kapasitet i dei ulike alternativa dekkast opp av private barnehagar
- Ved renovering og utviding av eksisterande barnehagebygg gjør vi ei føresetnad om at barnegruppene blir utvida til høvesvis 12/14 for små barn og 24 for store barn

Alternativ X:

Berre private barnehagar (*alle dei kommunale barnehagane blir lagt ned*)

Føresetnad:

- Nasjonal driftstilskott 2016: Store barn = 196 200 kr
Små barn = 94 700 kr
- Nasjonal kapitalkostnad: 18 300 kr per barn

(kostnader i 2016 kr)	Alternativ X		
	Bare private barnehagar		
	2016 - ALT X	2026 - ALT XA	2026 - ALT XB
Utbetaling av tilskott Sjølvkost barnehagedrift Kapitalkostnader	56 712 395	66 560 921	66 560 921
Netto kostnad barnehagesektoren	56 712 395	66 560 921	66 560 921
Netto kostnad samanlikna med tilhøyrande nullalternativ	5 104 495	5 513 720	-272 438
Netto kostnad samanlikna med 2016	5 104 495	14 953 021	14 953 021

Om alle barnehageplassane i Sveio kommune var private i 2016, kunne vi ha venta ei tilskotsutbetaling på i overkant av 56,7 MNOK. Det er 5,1 MNOK meir enn netto driftskostnader i 2016 ved dagens barnehagestruktur (nullalternativet).

Om valet til Sveio kommune blir å ha berre private barnehageplassar, er den venta tilskotsutbetalinga til dei private barnehagane på i overkant av 66,5 MNOK i 2026 (i 2016 kr). Det er 5,5 MNOK meir enn venta netto driftskostnad for barnehagesektoren i 2026 ved scenario A ved vidareføring av dagens struktur (nullalternativet).

Ved bruk av nasjonale tilskottssatsar ved scenario B er alternativ X tilsynelatande rimelegare enn nullalternativet. Dette er urealistisk. Endringane i pedagognorm og vaksentettleik ved scenario B er ei heving av kvalitet i barnehagane. Dette vil auke sjølvkosten for alle barnehagar i Noreg og gje seg utslag i høgare nasjonale tilskottssatsar. Det vil derfor i denne samanheng ikkje vera realistisk å ta utgangspunkt i nasjonale satsar for 2016.

**Alternativ 1:**

Auke kapasiteten i Førde barnehage. Ingen endring i Sveio barnehage og Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage

Føresetnad:

- Kapitalkostnadene inkluderer:
 - o 500 000 kr til oppgradering av uteområdet i Førde barnehage
 - o 100 000 kr til innkjøp av møbler og diverse i Førde barnehage
 - o 750 000 kr til opprustning av Valestrand Oppvekstsenter avd. barnehage
 - o 1,5 MNOK til opprustning av Sveio barnehage

	Alternativ 1	
	Utvide Førde	
(kostnader i 2016 kr)	2026 - ALT 1A	2026 - ALT 1B
Utbetaling av tilskott Sjølvkost barnehagedrift Kapitalkostnader	45 464 464 12 837 942 859 336	49 989 340 14 296 622 859 336
Netto kostnad barnehagesektoren	59 161 742	65 145 298
Netto kostnad samanlikna med tilhøyrande nullalternativ	-1 885 458	-1 688 061
Netto kostnad samanlikna med 2016	7 553 842	13 537 398

Med dagens arealnorm har Førde barnehage «ledig» leike- og oppholdsareal, og kan auke kapasiteten til 60 barn (12 småbarnsplassar og 48 storbarnsplassar). Alternativet vil gi ei venteleg innsparing samanlikna med nullalternativet, men er eit av dei dyraste løysingane for 2026, både ved scenario A og B.

Alternativ 1 er likevel eit enkelt grep for å effektivisera barnehagedrifta i Sveio kommune på kort sikt - gitt at etterspurnaden etter barnehageplassar er høg nok. Denne endringa vil føra til at drifts- og kapitalkostnadene vil auke, men tilskottssatsane vil bli lågare og tilskotsutbetalinga gå ned. I 2026 vil alternativ 1 være 1,88 MNOK rimelegare ved scenario A og 1,68 MNOK rimelegare ved scenario B enn ved å vidareføre dagens struktur (nullalternativet).

Jamfør framskriving av venta etterspurnad, trenger vi ikkje desse ekstra barnehageplassane før etter 2021. For å ta ut innsparingspotensialet før 2021, kan det vere ei løysing å leggja ned Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage, sjå alternativ 2.

Alternativ 2:

Auke kapasiteten i Førde barnehage, Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage blir lagt. Ingen endring i Sveio barnehage.

Føresetnad:

- Kapitalkostnadene inkluderer:
 - o 500 000 kr til oppgradering av uteområdet i Førde barnehage
 - o 100 000 kr til innkjøp av møbler og diverse i Førde barnehage
 - o 1,5 MNOK til opprustning av Sveio barnehage



	Alternativ 2	
	Utvide Førde, leggja ned V.Str	
(kostnader i 2016 kr)	2026 - ALT 2A	2026 - ALT 2B
Utbetaling av tilskott Sjølvkost barnehagedrift Kapitalkostnader	46 264 634 10 208 362 712 064	51 467 861 11 531 925 712 064
Netto kostnad barnehagesektoren	57 185 059	63 711 850
Netto kostnad samanlikna med tilhøyrande nullalternativ	-3 862 142	-3 121 509
Netto kostnad samanlikna med 2016	5 577 159	12 103 950

Satsane for driftsstilskott per barnehage viser at det er innsparingspotensial ved å leggja ned Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage. Då vil kommunen miste 21 kommunale barnehageplassar (jamfør årsm. 2014). Ved å auke kapasiteten i Førde barnehage, vil vi dekka opp for 15 av dei tapte plassane. Denne strukturendringa gjer at vi totalt mister 6 kommunale barnehageplassar. Vi gjer ei føresetnad her om at lågare kommunal kapasitet blir dekka opp av private barnehagar eller av barnehageplass i andre kommunar (i dette tilfellet Stord og Bømlo kommune).

Med alternativ 2 er det venta at netto driftskostnad for barnehagesektoren vil bli 3,86 MNOK lågare ved scenario A og 3,1 MNOK lågare ved scenario B, enn ved vidareføring av dagens struktur (nullalternativet). Om denne strukturendringa alt var gjort, så kunne vi ha venta ei innsparing på netto kostnad for barnehagesektoren på nærmere 3,3 MNOK i 2016.

Nedlegging av Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage vil gi ei innsparing for barnehagesektoren, men på grunn av gevinstar ved samlokalisering eit oppvekstsenter gir, vil ei nedlegging kunne auke kostnadane for skulen. Evaluering av Valestrand oppvekstsenter, gjort av *Ressurssenter for omstilling i kommunene* (RO), viser at det er både økonomiske, pedagogiske og organisatoriske synergieffektar ved utnytting av felles personalressursar. Utan denne samdrifta er det vanskeleg for Valestrand Oppvekstsenter å gi eit fullverdig SFO-tilbod. Alle driftskostnadane, vedlikehaldskostnadane og kapitalkostnadane for bygget vil og tilfalla skulen om barnehagen blir lagt ned, noko som vil auke skulen sine utgifter til dette med om lag 30%. Utan ekstra midlar, kan skulen stå i fare for å bli lagt ned.

Det er og andre argument for å behalde barnehagen. For det første vil det vere ei ulempe for barnefamiliar i Valestrand krins å ikkje har barnehageplass i nærområdet. Det vil og kunne ha konsekvensar for vekst og utvikling av lokalsamfunnet, då potensielle tilflyttarar legg vekt på nærliek til skule og barnehage. Det er og eit føremøn at desse er samlokalisert, då dette gir gode moglegheiter for samarbeid mellom barnehage og skule, både ved felles bruk av personale og for fagleg og sosialt samarbeid mellom barnehagebarn og elevar.

Søkartala frå hovudopptaket 2016 viser gode søkeratal til Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage. Etter første opptaksrunde (februar 2016) har ikkje alle einarsøkarane fått tilbod om plass.

**Alternativ 3:**

Auke kapasiteten i Førde barnehage, resten private barnehagar (Sveio og Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage blir lagt ned)

Føresetnad:

- Kapitalkostnadene inkluderer:
 - o 500 000 kr til oppgradering av uteområdet i Førde barnehage
 - o 100 000 kr til innkjøp av møbler og diverse i Førde barnehage

	Alternativ 3	
	Utvide Førde, resten private bhg	
(kostnader i 2016 kr)	2026 - ALT 3A	2026 - ALT 3B
Utbetaling av tilskott Sjølvkost barnehagedrift Kapitalkostnader	48 356 609 5 322 974 488 370	53 664 865 6 011 140 488 370
Netto kostnad barnehagesektoren	54 167 953	60 164 375
Netto kostnad samanlikna med tilhøyrande nullalternativ	-6 879 248	-6 668 983
Netto kostnad samanlikna med 2016	2 560 053	8 556 475

Sveio kommune har mottatt søknad om etablering av ein privat barnehage i Sveio sentrum med 4-5 avdelingar og om utviding av Gjermundshaugen FUS barnehage med 3 avdelingar. Om vi tillater bygging av ny privat barnehage i Sveio sentrum og utviding av Gjermundshaugen og vi elles behalar dagens barnehagestruktur, så vil den totale barnehageplasskapasiteten bli høgare enn venta etterspurnad i planperioden.

Alternativ 3 vil vere aktuell berre om vi reduserer kommunal kapasitet. Vi ser derfor for oss eit teoretisk eksempel der vi framleis har Førde barnehage, som er dagens mest økonomisk effektive³, og legg ned Sveio barnehage og Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage. Jamfør tidlegare argumentasjon legg vi til grunn auka kapasitet i Førde barnehage. Alternativ 3 vil redusera talet på kommunale barnehageplassar til 60, og den kommunale andelen av barnehageplassane vil bli 13 prosent.

Med alternativ 3 er det venta at netto driftskostnad for barnehagesektoren vil bli nærmere 6,9 MNOK lågare ved scenario A og 6,66 MNOK lågare ved scenario B, enn ved vidareføring av dagens struktur (nullalternativet).

³ Målt ved satsar for driftstilskott til private barnehagar



Ny kommunal barnehage som erstattar dei eksisterande kommunale barnehagane

Sveio barnehage og Valestrand oppvekstsenter, avd. barnehage blir drivne i gamle og lite funksjonelle bygningar, og det er mykje som tyder på at potensialet for effektivisering innan for dei fysiske rammene barnehagane har i dag er tatt ut. Planavdelinga si vurdering av barnehagelokalane og uteområda viser og at om dagens barnehagestruktur vidareførast, så vil det på kort sikt være bruk for mindre og større investeringar.

Ved bygging av ny kommunal barnehage er det ein føresetnad at val av driftsmodell må gi ressurseffektiv drift. Dei største utgiftene er knytt til bemanning. Eit føremon ved drift i større barnehagar, er lågare administrativ ressurs per barn og moglegheit til å sjå bemanning i samanheng mellom avdelingane.

Tradisjonelt har norske barnehagar vore små einingar med rundt 30-40 barn. Tendensen dei seinare åra har vore at barnehagane blir større. I rapporten *Barnehagens organisering og strukturelle faktorers betydning for kvalitet IRIS rapport 2011* (Vassenden, A et al (2011)) reknast barnehagar med rundt 40 barn som små, rundt 60 barn som mellomstore og meir enn 100 barn som store. Dei konkluderer med at dei mellomstore barnehagane klarar å kombinera det beste frå dei små og dei store barnehagane.

Rapporten *Har barn det bra i store barnehager?* (Bråten, Hovdenak, Haakestad og Sønsterudbråten), ser på korleis barnehagen si storlek påverkar kvaliteten i tilbodet barnehagane gir. Konklusjonen er at storlek i seg sjølv ikkje er avgjerande for kvalitet. Storleiken spelar saman med andre strukturelle faktorar. Store barnehagar kan ha plussfaktorar som mangfald, fleksibilitet og faglegheit, men for at det skal fungere er dei avhengig av å ha fokus på indre organisering og leiing på ein måte som mindre barnehagar kan klara seg utan.

Alternativ 4, 5 og 6 visar økonomiske konsekvensar av å byggja ny kommunal barnehage med høvesvis 4, 5 og 6 avdelingar som erstattar dei eksisterande kommunale barnehagane i Sveio kommune.

Føresetnad:

- Ved bygging av ny kommunal barnehage legg vi til grunn ein vaksentettleik på 6,4 barn per vaksne.
- Byggjekostnad ny 4 avd. barnehage – 25,6 MNOK
- Byggjekostnad ny 5 avd. barnehage – 32 MNOK
- Byggjekostnad ny 6 avd. barnehage – 38,4 MNOK

(kostnader i 2016 kr)	Alternativ 4		Alternativ 5		Alternativ 6	
	Ny 4 avd		Ny 5 avd		Ny 6 avd	
	2026 - ALT 4A	2026 - ALT 4B	2026 - ALT 5A	2026 - ALT 5B	2026 - ALT 6A	2026 - ALT 6B
Utbetaling av tilskott Sjølvkost barnehagedrift Kapitalkostnader	47 367 608 7 992 111 1 522 688	52 021 928 8 180 466 1 522 688	43 410 241 8 795 292 1 903 360	47 301 376 9 711 489 1 903 360	41 263 334 10 440 874 2 284 032	45 205 800 11 580 163 2 284 032
Netto kostnad barnehagesektoren	56 882 406	61 725 082	54 108 893	58 916 225	53 988 241	59 069 995
Netto kostnad samanlikna med tilhøyrande nullalternativ	-4 164 794	-5 108 277	-6 938 308	-7 917 134	-7 058 960	-7 763 363
Netto kostnad samanlikna med 2016	5 274 506	10 117 182	2 500 993	7 308 325	2 380 341	7 462 095



Alternativ 4:

Byggja ny kommunal 4 avd. barnehage som erstattar dei eksisterande kommunale barnehagane.

Føresetnad:

- 2 avdelingar for små barn med 14 barn per avdeling
- 2 avdelingar for store barn med 24 barn per avdeling

Ein 4 avdelingsbarnehage med gruppestorleik på 12 små barn og 24 store barn, vil ved dagens pedagognorm ikkje utnytte ressursane maksimalt. Det vil vere krav om 6 pedagogar (5,33 pedagogar som rundast opp). Innanfor sama pedagogressurs kunne barnehagen hatt 108 store barn. Ei gruppestorleik på 14 små barn og 24 store barn gir 104 store barn totalt. I samsvar med tidlegare skissert driftsmodell utvider vi derfor småbarnsgruppa til 14 barn, men det vil vere mogleg med fleire barn med same pedagogressurs.

Alternativ 4 vil gi oss 76 kommunale barnehageplassar, noko som vil tilsvare 16 prosent av alle barnehageplassar i 2026.

Med alternativ 4 er det venta at netto driftskostnad for barnehagesektoren vil bli 4,16 MNOK lågare ved scenario A og 5,1 MNOK lågare ved scenario B, enn ved vidareføring av dagens struktur (nullalternativet).

Alternativ 5:

Byggja ny kommunal 5 avd. barnehage som erstattar dei eksisterande kommunale barnehagane.

Føresetnad:

- 2 avdelingar for små barn med 12 barn per avdeling
- 3 avdelingar for store barn med 24 barn per avdeling

Alternativ 5 vil gi oss 96 kommunale barnehageplassar, noko som vil tilsvare 20 prosent av alle barnehageplassar i 2026.

Med alternativ 5 er det venta at netto kostnader for barnehagesektoren vil bli 6,9 MNOK lågare ved scenario A og 7,9 MNOK lågare ved scenario B, enn ved vidareføring av dagens struktur (nullalternativet).

Alternativ 6:

Byggja ny kommunal 6 avd. barnehage som erstattar dei eksisterande kommunale barnehagane.

Føresetnad:

- 3 avdelingar for små barn med 12 barn per avdeling
- 3 avdelingar for store barn med 24 barn per avdeling

Alternativ 6 vil gi oss 108 kommunale barnehageplassar, noko som vil tilsvare 23 prosent av alle barnehageplassar i 2026.

Med alternativ 6 er det venta at netto driftskostnad for barnehagesektoren vil bli 7,05 MNOK lågare ved scenario A og 7,76 MNOK lågare ved scenario B enn ved vidareføring av dagens struktur (nullalternativet).

**Alternativ 7:**

Auke kapasiteten i Førde barnehage og byggja ny kommunal 6 avd. barnehage.

Føresetnad:

- Kapitalkostnadene inkluderer:
 - o 500 000 kr til oppgradering av uteområdet i Førde barnehage
 - o 100 000 kr til innkjøp av møbler og diverse i Førde barnehage
- Byggjekostnad ny 6 avd. barnehage – 38,4 MNOK

	Alternativ 7	
	Utvida Førde, ny 6 avd	
(kostnader i 2016 kr)	2026 - ALT 7A	2026 - ALT 7B
Utbetaling av tilskott	34 350 764	37 839 614
Sjølvkost barnehagedrift	15 763 848	17 591 302
Kapitalkostnader	2 772 402	2 772 402
Netto kostnad barnehagesektoren	52 887 015	58 203 318
Netto kostnad samanlikna med tilhøyrande nullalternativ	-8 160 185	-2 843 882
Netto kostnad samanlikna med 2016	1 279 115	6 595 418

Alternativ 7 vil gi oss 168 kommunale barnehageplassar, noko som vil tilsvara 35 prosent av alle barnehageplassar i 2026.

Med alternativ 7 er det venta at netto driftskostnad for barnehagesektoren vil bli 8,16 MNOK lågare ved scenario A og nærmere 2,8 MNOK lågare ved scenario B, enn ved vidareføring av dagens struktur (nullalternativet). Dette alternativet gir lågast kostnader for barnehagesektoren i 2026 ved både scenario A og scenario B.

Alternativ 8:

Rehabilitering og nybygg Sveio barnehage. Auke kapasiteten i Førde barnehage. Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage blir lagt ned.

Føresetnad:

- Kapitalkostnadene inkluderer:
 - o 500 000 kr til oppgradering av uteområdet i Førde barnehage
 - o 100 000 kr til innkjøp av møbler og diverse i Førde barnehage
 - o 13 MNOK til opprusting og utviding av Sveio barnehage



	Alternativ 8	
	Utvide Førde og Sveio, leggja ned Valestrand	
(kostnader i 2016 kr)	2026 - ALT 8A	2026 - ALT 8B
Utbetaling av tilskott Sjølvkost barnehagedrift Kapitalkostnader	40 399 050 12 856 142 1 396 084	44 952 411 14 513 962 1 396 084
Netto kostnad barnehagesektoren	54 651 275	60 862 457
Netto kostnad samanlikna med tilhøyrande nullalternativ	-6 395 925	-5 970 902
Netto kostnad samanlikna med 2016	3 043 375	9 254 557

Alternativ 8 vil gi oss 132 kommunale barnehageplassar, noko som vil tilsvara 28 prosent av alle barnehageplassar i 2026.

Med alternativ 8 er det venta at netto driftskostnad for barnehagesektoren vil bli nærmere 6,4 MNOK lågare ved scenario A og 5,97 MNOK lågare ved scenario B, enn ved vidareføring av dagens struktur (nullalternativet).

Alternativ 9:

Rehabilitering og nybygg Sveio barnehage. Auke kapasiteten i Førde barnehage. Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage blir IKKJE lagt ned.

Føresetnad:

- Kapitalkostnadene inkluderer:
 - o 500 000 kr til oppgradering av uteområdet i Førde barnehage
 - o 100 000 kr til innkjøp av møbler og diverse i Førde barnehage
 - o 13 MNOK til opprusting og utviding av Sveio barnehage
 - o 750 000 kr til opprustning av Valestrand Oppvekstsenter avd. barnehage.

	Alternativ 9	
	Utvide Førde og Sveio, IKKE leggja ned Valestrand	
(kostnader i 2016 kr)	2026 - ALT 9A	2026 - ALT 9B
Utbetaling av tilskott Sjølvkost barnehagedrift Kapitalkostnader	38 788 646 15 187 928 1 543 356	42 818 399 16 982 419 1 543 356
Netto kostnad barnehagesektoren	55 519 930	61 344 173
Netto kostnad samanlikna med tilhøyrande nullalternativ	-5 527 271	-5 489 185
Netto kostnad samanlikna med 2016	3 912 030	9 736 273

Alternativ 9 vil gi oss 153 kommunale barnehageplassar, noko som vil tilsvara 32 prosent av alle barnehageplassar i 2026.




Med alternativ 9 er det venta at netto driftskostnad for barnehagesektoren vil bli på 5,52 MNOK lågare ved scenario A og 5,48 MNOK lågare ved scenario B, enn ved vidareføring av dagens struktur (nullalternativet).

Oppsummering av strukturalternativa

Figur 3 og Figur 4 gir ei oversikt over venta netto driftskostnad for barnehagesektoren i 2026 ved dei ulike strukturalternativa ved scenario A og scenario B.


Scenario A: Dagens norm for pedagogar og praksis for vaksentettleik



Figur 3: Oversikt over netto driftskostnad for barnehagesektoren i 2026 ved dei ulike strukturalternativa ved scenario A.
Kjelde: Sveio kommune.



Scenario B: Ny norm for pedagogar og bemanning i forlag til ny barnehagelov



Figur 4: Oversikt over netto driftskostnad for barnehagesektoren i 2026 ved dei ulike strukturalternativa ved scenario B.
Kjelde: Sveio kommune.

Om økonomiske konsekvensane av dei skisserte strukturalternativa blir sett opp i mot kvarandre, så skil alternativ 7 seg ut. Alternativ 7 gir lågast netto driftskostnader per år både ved scenario A og scenario B. Alternativ X med berre private barnehagar er dyrast i scenario A. Nullalternativet, der dagens struktur blir vidareført, er nest dyrast. I scenario B er nullalternativet aller dyrast og alternativ X⁴ nest dyrast.

Ved dei økonomiske berekningane er det tatt utgangspunkt i fulle barnehagar. Men vi veit ikkje mønsteret i framtidig etterspurnad etter barnehageplassar. Tal på gjestebarn i Vikse krins visar at kapasiteten i krinsen i dag er overdimensjonert. Kapasiteten er venta å vere høg nok ut planperioden. Søkartala viser at det er størst etterspurnad etter barnehageplass i Sveio krins. Sveio barnehage har fleire år på rad hatt høgare etterspurnad enn dei er dimensjonert for. Etterspurnaden etter småbarnsplassar er særskilt høg.

I barnehagebruksplanen blir det lagt opp til ei målsetting om at dei kommunale barnehageplassane skal utgjere minst like stor del av samla tal på barnehageplassar i planperioden som i dag. Fleire av strukturalternativa oppfyller ikkje denne føresetnaden. Kor stor del kommunale barnehageplassar vil utgjere er noko som vil variere frå år til år avhengig av etterspurnaden etter barnehageplassar, og avhengig av korleis etterspurnaden blir fordelt mellom kommunale og private barnehagar. Oppsummeringa vil derfor ta føre seg strukturalternativa som gjer at kommunale barnehageplassar utgjer 20 prosent eller meir i planperioden. Dette gjeld alternativ 1, 2, 5, 6, 7, 8 og 9.

Om nullalternativet blir vidareført vil kommunale barnehageplassar utgjere 23 prosent av alle plassane i 2026. Det er venta at netto driftskostnad til barnehagesektoren vil ligge på rett i overkant av 61 MNOK ved scenario A og i overkant av 66,8 MNOK ved scenario B.

⁴ Venta endringar i pedagognorm og vaksentettleik ved scenario B, vil høyst sannsynleg og gje høgare tilskottssatsar, så kostnad ved alternativ X er venta å bli høgare enn stipulert her.



Vidare analyserast alternativa ut i frå scenario A. Alternativa omtalast i følgjande rekkefølgje, der det rimelegaste alternativet kjem først: Alternativ 7, 6, 5, 8, 9, 2 og 1. Ved bruk for nye barnehagar, både kommunale og private, legg vi til grunn at dei bør plasserast der det er bruk for auka kapasitet. Ved bygging av store barnehagar bør bygginga gjerast trinnvis for i mest mogleg grad møte reell etterspurnad.

Alternativ 7: Auke kapasiteten i Førde barnehage og byggja ny communal 6 avd. barnehage.(Sveio og Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage blir lagt ned)

Alternativ 7 er det rimelegaste alternativet i både scenario A og B. Kommunale barnehageplassar vil venteleg utgjere 35 prosent av alle plassane. Det vil ikkje vere bruk for nye private barnehagar i planperioden. Det er nærliggande å tru at etterspurnaden etter barnehageplassar i Førde barnehage vil vere høg nok om Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage blir lagt ned. Denne løysinga førar til at det ikkje vil vere tilbod om barnehageplassar heilt nord i Sveio kommune.

Alternativ 6 og 5: Byggja ny communal 5/6 avd. barnehage som erstattar dei eksisterande kommunale barnehagane

Det er venta å vera høvesvis 1,1 MNOK og 1,22 MNOK dyrare per år med alternativ 6 og 5 enn med alternativ 7. Kommunale barnehageplassar vil venteleg utgjere 20 prosent ved ny 5 avd. barnehage og 23 prosent ved ny 6 avd. barnehage. Det vil vere bruk for ein ny privat barnehage for å møte venta etterspurnad i 2026.

Alternativ 8: Utvide Førde og Sveio barnehage. Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage blir lagt ned

Alternativ 8 er venta å vera 1,76 MNOK dyrare per år enn det rimelegaste alternativet. Kommunale barnehageplassar vil venteleg utgjere 28 prosent av alle plassane. Det vil vere bruk for ein ny private barnehage i planperioden.

Alternativ 9: Utvide Førde og Sveio barnehage. Ingen endring i Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage

Alternativ 9 er venta å vera 2,63 MNOK dyrare per år enn alternativ 7. Kommunale barnehageplassar vil venteleg utgjere 32 prosent av alle plassane. Det vil truleg ikkje vere bruk for nye private barnehagar i planperioden⁵.

Alternativ 2: Auke kapasiteten i Førde barnehage, Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage blir lagt ned. Ingen endring i Sveio barnehage

Alternativ 2 er venta å vera 4,3 MNOK dyrare per år enn alternativ 7. Kommunale barnehageplassar vil venteleg utgjere 22 prosent av alle plassane. Det vil vere bruk for ein ny privat barnehage i planperioden.

Alternativ 1: Auke kapasiteten i Førde barnehage. Ingen endring i Sveio barnehage og Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage

Alternativ 1 er venta å vera 6,27 MNOK dyrare per år enn alternativ 7. Kommunale barnehageplassar vil utgjere 27 prosent av alle plassane. Det vil vere bruk for ein ny privat barnehage i planperioden. Utan at Valestrand oppvekstsenter avd. barnehage leggjast ned, er det ikkje venta at etterspurnaden er høg nok for dette alternativet før etter 2021.

⁵ Berekninga viser at det er bruk for kun få nye private plassar.



Alternativ 1 og 2 seiar noko om kva som er mogleg å gjera på kort sikt for å effektivisere barnehagedrifta i Sveio kommune. Begge alternativa vil gi ei innsparing samanlikna med nullalternativet for 2016, gitt høg nok etterspurnad etter barnehageplassar.